



## SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
33/12	Komite for drift	05.06.2012

### Høyring - Endringar i lov om folkebibliotek

#### Samandrag av saka:

**Kulturdepartementet har sendt framlegg om endringar i Lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek på høyring med høyringsfrist 8. juni 2012. Framlegget er i hovudsak ei oppfølging av St.meld. nr. 23 (2008-2009) Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid (bibliotekmeldinga), som ble lagt frem i 2009. Denne meldinga vart i Fjell følgd opp i Komité for drift, i sak 5/10. Biblioteka i vest er i hovudsak positiv til endringane i framlegget, med nokre kommentarar/endringar.**

#### Innstilling:

Komité for drift sluttar seg til høyringa Endringar i lov om folkebibliotek slik det går fram av saka.

Straume, den 29.05.2012

Steinar Nesse  
Rådmann

Lenart Fjell  
kultursjefen

#### Handsama i Komite for drift - 05.06.2012:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak i Komite for drift - 05.06.2012:

Komité for drift sluttar seg til høyringa Endringar i lov om folkebibliotek slik det går fram av saka.

## **Dokument vedlagt saka:**

Høyring - endringar i Lov om folkebibliotek

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/hoeringer/hoeringsdok/2012/horing---endringer-i-lov-om-folkebibliot.html?id=675015>

Framlegg til høyringssvar frå biblioteka i Fjell, Sund og Øygarden.

### **Saksopplysningar:**

Kulturdepartementet legg frem framlegg til endringar i lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek (folkebibliotekloven). Forslaget er i hovudsak ei oppfølging av St.meld. nr. 23 (2008-2009) Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid (bibliotekmeldinga), som vart lagt frem i 2009. I meldinga vart det vist til at det er behov for utvikling i biblioteksektoren mot meir robuste og omstillingsdyktige bibliotek som kan tilby alle innbyggjarar betre bibliotektenester. Det vart varsla at Kulturdepartementet ville vurdere endringar i folkebibliotekloven for å leggja til rette for ei slik utvikling.

Dei føreslegne endringane i bibliotekloven handlar om desse punkta

- Harmonisering av lovføresegn for folkebibliotek og UH-bibliotek
- Justeringar i formålparagrafen
- Organisering og drift av bibliotektenester
- Kompetansekravet i folkebibliotekloven § 5
- Fylkesbibliotek – folkebibliotekloven kap. III
- Lovtekniske endringar

Endringa i føremålparagrafen styrkjer folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag. Det reflekterer biblioteka sitt ansvar for formidling, i tillegg til funksjonen som fysisk og digital møteplass, og som arena for offentleg samtale og debatt.

Lovframlegget pålegg alle kommunar å gje innbyggjarane tilgang til eit godt bibliotektilbod. Tilbodet skal sikrast gjennom etablering av forpliktande samarbeid med nabokommunar. Eit slikt samarbeid ligg allereie føre i vår region, med eit tett samarbeid mellom biblioteka i Fjell, Sund, Øygarden og Askøy. I denne uttalen er ikkje Askøy inkludert, då synspunkta deira var til dels avvikande frå dei andre biblioteka sine. Vi fann det difor meir ryddig å senda to ulike uttalar.

Biblioteka i dei tre kommunane har i hovudsak endringsframlegg/kommentarar til følgjande paragrafer:

§ 4 Organisering og drift av bibliotektenester.

Departementet meiner at det er kommunen sjølv som skal fastsetja reglement for sin folkebibliotekdrift, innanfor ramane av loven. Difor er det unødvendig å seia i lovteksten at det kommunale reglementet for bibliotekdrift skal baserast på statlege retningslinjer. Biblioteka i vest meiner statlege retningslinjer i form av eit minstekrav til utforming av tenestene bør vere i lova slik at brukaren er sikra å kunne få dei same tenestene uansett kor ein bur i landet. Vårt framlegg er at ordlyden om reglement blir ståande.

§6 Samarbeid med skular

Departementet ønskjer å fjerna føresegna om eit forpliktande samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skulebiblioteka. Ein meiner at det bør være opp til kommunen å optimalisera bruken av kommunen sine ressursar, ved å etablere eit godt

samarbeid mellom folkebibliotek og skolebibliotek. Biblioteka i vest ønskjer å behalda denne føresegnen. Vi meiner det vil vere å ta eit stort steg bakover å fjerna paragraf 6, då det er retningslinene i denne som er fundamentet og gjev minstekrav til samarbeid mellom institusjonane. Vårt forslag er at ordlyden om samarbeid med skular blir ståande.

§9 Det er sagt mykje om fylkesbiblioteket sin rolle, i høyringssaka frå Departementet. Biblioteka i vest sitt nye framlegg til paragraf 9 lyder: Fylkeskommunen skal ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, herunder gi råd til lokale mynde, yta bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangera møter og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkeskommunen kan oppretta avtalar om felles bibliotekdrift og lånesamarbeid med ein eller fleire kommunar og skal ha ansvaret for å ivareta den overordna fjernlånsverksemda i fylket. Fylkeskommunen har ansvar for bibliotekfagleg rettleiing av dei vidaregåande skulane i det i fylket.